

## Møtereferat

Dato: 08.03.2017

Emne:	Sammendrag av møte med Stord kommune 2. mars 2017	
Til stades:	Magnus Mjør og Knut Gram, Stord kommune, Ole Yttredal og Gustav Oma, eigarstiftinga Stord maritime museum, Per Morten Ekerhovd, Ronny Skaar og Elisabeth Bjørsvik, Hordaland fylkeskommune.	
Forfall:	Sunnhordland museum	Sak: 2016/5225-5
Møtetid:	2. mars kl. 11	Møtestad: rådhuset i Leirvik

**Møteleiar:** **Magnus Mjør**

**Referent:** **Elisabeth Bjørsvik for Hordaland fylkeskommune**

Saksliste:

1. Gjennomgang av kommunestyret sitt vedtak v/Magnus Mjør
2. Tankar kring vidare utvikling av Sunnhordland museum som ansvarsmuseum for maritim kulturarv v/Per Morten Ekerhovd
3. Korleis kan Hordland fylkeskommune og Stord kommune eventuelt medverka i prosessen med å få på plass eit rammeverk v/Per Morten Ekerhovd og Magnus Mjør
4. Vegen vidare, spørsmål om opprettning av referansegruppe

Bakgrunn for møtet: Stord kommune inviterte til møte 2. mars kl. 11 på rådhuset i Leirvik for å følgje opp vedtak i kommunestyret 16. februar 2017 .

### **Sak 1. Magnus Mjør gjekk gjennom kommunestyret sitt vedtak:**

1. Stord kommunestyre verdset det arbeidet som Sunnhordland museum og Stord maritime museum gjennom mange år har gjort for å ta i vare regionen sin maritime kulturarv og vil leggje til rette for ei vidareføring av arbeidet til beste for partane.
2. Stord kommunestyre legg til grunn at Sunnhordland museum og Stord maritime museum bør styrkast og vidareutviklast. Det må teiknast ny avtale som regulerer fagleg og administrativ samarbeid. Partane får frist til 15. april med å få på plass eit nytt avtaleverk.
3. Dersom partane ikkje lukkast eller ønskjer å vidareføra samarbeidet legg kommunestyre til grunn at eventuell avvikling av samlinga vert finansiert over tilskotet til Sunnhordland museum. Kommunestyret held attende kr 520 000 av tilskotet til Sunnhordland museum for 2017 for å finansiera kostnader med Stord maritime museum.
4. Stord kommunestyre ber om at rådmannen tek kontakt med Hordaland fylkeskommune for samarbeid om utvikling av det konsoliderte Sunnhordland museum som ansvarsmuseum for maritim kulturarv. Vidare prosess bør avklare organiseringa av samarbeidet med lag og organisasjonar i Sunnhordland.
5. Stord kommunestyret oppfordrar til at det vert oppretta ei referansegruppe for Stord maritime industrimuseum med representantar frå Sunnhordland museum, Stord maritime museum, Stord kommune, Hordaland fylkeskommune og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

## Konklusjon:

Ansaret for den prosessen som kommunestyret har lagt opp, ligg særleg på Stord maritime museum og Sunnhordland museum. Fylkeskommune og kommune har verktøy og erfaringar som kan nyttast i prosessen (til dømes avtaleverk, delegasjonsreglement).

## Sak 2. Tankar kring vidare utvikling av Sunnhordland museum som ansvarsmuseum for maritim kulturarv v/Per Morten Ekerhovd

- a. Fylkeskommunen orienterte om museumsreforma og konsolidering og dei nasjonale utfordringane knytt til tilhøve mellom driftsstyret og eigarstyret. Eit eigarstyre har ikkje ei rolle, er ein villig til å gi opp dette?


Stord maritime museum stadfesta dette, men la vekt på at det som er bygd opp må førast vidare. Eit venelag kan ivareta dette. Det frivillige engasjement og deira dugnadstimar i året må styrast. Dei treng arbeidsplanar/årsplan frå museet.

- b. Tilhøve mellom musea og frivillege

Eit kjenneteikn ved frivilleheit er at styret for eit konsolidert museum generelt har liten og ingen direkte styringsrett over slik verksemnd. Korleis kan frivillige verksemder samordnast med museet? Ein modell som viser alternativ arbeidsform er direkte line mellom det konsoliderte museet og frivillige regulert gjennom arbeidsavtaler utforma av museet. Eigarstiftinga er passiv og vert på sikt oppløyst med overføring av eigedomsrett til samlinga tilden konsoliderte eininga.

Konklusjon: Stord maritime museum var villig til  
å gi opp eigarstiftinga, så lenge  
samlinga vart grunnstein i eit  
nytt museum og at ein tok vare  
på den frivillige innsatsen.

Ein var heller ikkje bunden til  
dagens lokalisering og eigarstiftinga  
var innstilt på at andre  
maritime industrisamlingar fekk sin plass.



- c. Synspunkt frå Stord maritime museum

Saknar utgreiing om alternativ i lokaliseringsspørsmålet. Ein må ha ro rundt plassering til eit reelt alternativ ligg føre. Stord maritime museum så for seg eit framtidig alternativ med Sunnhordland museum heller enn som ein sjølvstendig frivillig organisasjon. Ein har forventingar om å bli styrt, under føresetnad om tydelegheit på oppgåver og økonomi.

**Sak 3. Korleis kan Hordland fylkeskommune og Stord kommune eventuelt medverka i prosessen med å få på plass eit rammeverk v/Per Morten Ekerhovd og Magnus Mjør**

Ny struktur kan organiserast gjennom endring i samarbeidsavtale, vedtekter arbeidsplanar og delegasjonsreglement.

Den konsoliderte eininga si oppgåve er å sjå heilskapen – sjå og vurdere satsingar og økonomi for alle avdelingane i samanheng. I kva grad har ei eigarstifting blikk for heilskapen? Den konsoliderte eininga har også behov for å tenke langsiktig. På sikt vil det skje generasjonsskifte for fleire samlingar. Museet skal tenke profesjonelt om formidling. I periodar kan delar av samlinga vere på lager, ein kan velje digitale løysingar. Dette er døme på avgjersler som eit museum tar. Det å sikre berekraftig og auke i besøkstal er ei viktig oppgåve for eit museum. Museet rapporterer årleg inn tal til nasjonalt nivå innan dei ulike oppgåveområda.

Maritim industrihistorie kan formidlast på ulikt vis, uavhengig av ei samling. Fylkeskommunen er opptatt av heilskap, synleg i mellom anna felles samlingsplan for musea. Det inneber ansvar for eit tema som gjeld heile regionen, og at ein tenkjer større geografiske område (fylke).

Ingen er tent med negativ omtale og ukultur. Her har eigarstiftinga ein jobb å gjere. Fylkeskommunen tek kontakt med Sunnhordland museum for å høre om det er grunnlag for samtalar.

**Sak 4. Vegen vidare, spørsmål om oppretting av referansegruppe**

Kommunen tok opp punktet i kommunestyrevedtaket om referansegruppe. Kommunestyret oppfordrar til at det vert oppretta ei referansegruppe, og denne oppfordringa går til partane, Sunnhordland museum og Stord maritime museum. Stord kommune kallar inn dersom partane ønskjer å oppretta ei slik gruppe. Dersom ei slik skal virke og ein skal komme i mål innan tidsfristen, må ein ha møte rundt 1. april.

**Anna:**

Samtale med styreleiar i Sunnhordland museum 2. mars

Til stades: Signe Ekeland, Per Morten Ekerhovd, Ronny Skaar, Elisabeth Bjørsvik

Fylkeskommunen orienterte om innhaldet og diskusjonane i møte med kommunen og Stord maritime museum. Prosessen har frå Sunnhordland museum si side føregått så lenge og kulturforskjellane er så store, at ein ikkje ser noko grunnlag for å gå i samtalar med Stord maritime museum. Ein viser til styrevedtaket.